

Tekkekurs på Valdres Folkemuseum

Arrangør: Valdresmusea as

Stad: Valdres Folkemuseum

Instruktør: Odd Arne Rudi

Kontaktperson: Odd Arne Rudi odd.arne.rudi@valdres.museum.no , eller på 97 68 90 65

Tidspunkt: teori på kvelden 27. juni kl. 19.00. Praktisk arbeid 28. til 30. juni.

Omfang: ein kveld og tre dagar

Målgruppe: handverkarar og huseigarar

Kostnad: kr 1.500,- inkl mat

Påmelding: ved innbetaling til konto nr. 2070 05 01524. Merk med "tekkekurs".

Kvittering vert delt ut på kurset.



Frå tekkekurset i 2012

Flotte og varige tak

Heldigvis er det framleis att mange fine skifertak, både i Valdres og andre stader.

Samstundes ser me at også mange vert borte.

Det er heller ikkje mange som legg skifer på taka sine når dei bygger nytt.

Dette kan ha fleire grunnar, tilgang på skifer kan vera eit problem, kostnadane ved eit skifertak eller vanskar med å få tak i taktekkjarar.

Dei to fyrste grunnane skal me ikkje ta opp her, men det siste, med å få tak i taktekkjarar skal me prøva å gjera noko med når me no inviterar til kurs i taktekking på Valdres Folkemuseum.

Me skal tekka på den gamle måten der skiferen vert lagt rett på taktroa, men også tekka på lekter, som er det mest brukte i dag.

Me skal bruka forskjellege typar skifer, storleikar og kvalitetar.

Ingenting er vedlikehaldsfritt, heller ikkje eit skifertak, og ein tur på taket er god investering om det dett av ein stein, før skada vert for stor.

Ting som er såkalla "vedlikehaldsfritt" er gjerne det som ikkje let seg vedlikehalda, men må skiftast når tida er komen.

Difor skal me også koma inn på dette med reparasjonar i løpet av kurset.

Dei fleste skifertaka me ser rundt oss har lege der i mange år; eit skifertak er nærmast evigvarande om dei vert tekta på ein god måte, og dei får den skjøtselen dei treng.

Det finst skifertak i Valdres som har lege sidan 1700 – talet. Om me då delar kostnadane ut over alle dei åra me har taka, vert det ikkje avskrekkande.

Om me likevel synest det vert dyrt, kan ei trøst vera at me får eit eksklusivt tak, og verdien på huset vert deretter.

Om dette kan vera av interesse, ta kontakt med Valdres Folkemuseum!